



SYKKYLVEN

# HANDLINGSPLAN FOR TRYGT OG GODT BARNEHAGEMILJØ 2022-2026




PLAN FOR Å HINDRE  
UTESTENGING,  
MOBBING,  
DISKRIMINERING OG  
ANDRE KRENKINGAR

## INNHALD

Innleiing .....	3
Barnehagelova versus opplæringslova .....	3
Lovteksten .....	4
Plikt til å førebygge .....	5
- Relasjonsbygging og vennskap .....	5
- Personalet si rolle .....	6
- Konflikt/krangling eller krenking? .....	7
Plikt til å observere og følge med .....	8
Plikt til å gripe inn .....	9
Plikt til å undersøke .....	10
Plikt til å varsle styrar .....	10
Plikt til å varsle barnehageeigar .....	11
Plikt til å setje inn tiltak .....	11
Plikt til skriftleg tiltaksplan .....	11
Skjerpa aktivitetsplikt .....	12
Når er aktivitetsplikta oppfylt? .....	12
Foreldresamarbeid .....	13
Mobbeombodet .....	14
Kompetanse .....	15
Internkontroll .....	16
Sjekklistar .....	17





## INNLEIING

Stortinget har vedtatt endringar i barnehagelova som inneber at barnehagane får ei aktivitetsplikt som skal sikre at alle barn har eit trygt og godt barnehagemiljø. Nyare forskning syner at mellom åtte og tolv prosent av barnehagebarna opplever jamleg utestenging frå leik eller andre former for krenkingar. Endringane i barnehagelova krev at barnehagane jobbar *systematisk* for å førebygge, avdekke og handtere alle former for krenkande ord og handlingar. Det skal vere nulltoleranse i høve utestenging frå leik, uheldige samspelsmønster, plaging, mobbing, diskriminering, vald, trakassering, etc. Det er også innført skjerpa aktivitetsplikt ved mistanke om at personalet krenkar barn.

Det er barnet si eiga subjektive oppleving som er avgjerande for om aktivitetsplikta vert utløyst. Dersom barnet opplever å ikkje ha det bra vil dei vaksne alltid ha ei aktivitetsplikt. Likeeins har dei som jobbar i barnehagen ei plikt til å undersøkje når foreldre seier i frå, sjølv om dei tilsette i barnehagen har ei anna oppfatning av saka.

## BARNEHAGELOVA VERSUS OPPLÆRINGSLOVA

Barnehagelova har no fått ei utforming som er svært lik § 9A i opplæringslova, den såkalla mobbeparagrafen. Men her er ein vesentleg forskjell. Barnehagelova opnar førebels ikkje for at barna skal ha ein individuell rett knytt til det psykososiale barnehagemiljøet. Barnehagebarnet er altså ikkje eit rettssubjekt på same måte som ein elev. Dette inneber at foreldre ikkje kan føre ei sak opp til ein høgare klagesinstans (Statsforvaltaren). Men foreldre kan klage til kommunen og eventuelt be om at det vert ført tilsyn, eller i ytterste konsekvens gå til søksmål. Mobbeombodet i Møre og Romsdal gir gratis støtte, råd og rettleiing til foreldre i enkeltsaker, og ser til at rettane deira blir ivaretatt.

Bakgrunnen for denne forskjellen mellom barnehage- og opplæringslov er at ein for barnehagane ønskjer å legge større vekt på gruppedynamikk og førebyggjande arbeid, framfor å rette fokus mot enkeltbarn/enkeltforeldre. Barnehagen sitt systematiske arbeid for å skape eit trygt og godt miljø i barnegruppene er det viktigaste middelet for å nå målet. Ei handhevingsordning tilsvarande den på skuleområdet vil dessutan føre til ekstraarbeid i form av fleire dokumentasjonskrav. Lovendringa skal ikkje vere meir omfattande og ressurskrevjande enn nødvendig. Men det kan bli aktuelt å innføre ei slik skjerpa lovendring seinare, noko m.a. mobbeombodet i fylket går inn for.



## LOVTEKSTEN

Lovteksten i kapittel VIII (Psykososialt barnehagemiljø) lyder slik:

### **§ 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid**

*Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.*

*Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.*

### **§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)**

*Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.*

*Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.*

*Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.*

*Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.*

*Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå:*


- a. hvilke problemer tiltakene skal løse*
- b. hvilke tiltak barnehagen har planlagt*
- c. når tiltakene skal gjennomføres*
- d. hvem som skal gjennomføre tiltakene*
- e. når tiltakene skal evalueres*

### **§ 43. Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn**

*Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeieren.*

*Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeieren direkte.*

*Undersøkelser og tiltak etter § 42 tredje og fjerde ledd skal iverksettes straks.*



### **PLIKT TIL Å FØREBYGGE**

#### **Relasjonsbygging og vennskap:**

Barnehagane i Sykkylven har gjennom mange år lagt ned ein stor og solid innsats gjennom sitt arbeid med relasjonsbygging, vennskap og sosial kompetanse, og denne innsatsen skal halde fram. Dette er universelle tiltak retta mot alle barna i barnehagen. Det å ha fokus på barna sine positive handlingar og eigenskapar, og prøve å forsterke dette, er eit viktig førebyggjande tiltak med tanke på krenkingar og mobberelatert åtferd. Spørsmålet er om dette er tilstrekkeleg? Mykje tyder på at kunnskapsnivået må hevast både når det gjeld negative handlingsmønster generelt og krenkingar spesielt. Å støtte positiv åtferd er ikkje tilstrekkeleg for å hindre negativ åtferd. Det er svært viktig å hjelpe barna til å utvikle eit godt sjølvbilet og ei god sjølvkjensle. Dette er god førebygging både opp mot dei barna som kan utvikle mobbeåtferd og for dei som kan bli utsett for negative handlingar. Rammefaktorane må leggast til rette slik at det enkelte barn opplever meistring. Barnehagane skal framleis ha fokus på utvikling av sosial kompetanse, der ein særleg legg vekt på at barna får gi uttrykk for eigne kjensler.

Den vaksne sitt ansvar i relasjonen til barn er sentralt i arbeidet mot krenkingar i barnehagen. Grensesetjing, regulering og tydelege vaksne er vesentlege faktorar i dette arbeidet. Men *måten* den vaksne grip inn på er avgjerande. Vi har mykje forskning som understrekar viktigheita av *varme* og *tydelegheit* (det autoritative perspektiv). Barn som viser ei åtferd som ikkje kan akseptast må få hjelp til å forstå at denne åtferda er uakseptabel. Likevel må den vaksne ha ei grunnleggande haldning som viser at han anerkjenner barnet, slik at barnet har ei kjensle av å vere verdifull. Ein må vere tydeleg på at det er *handlinga* til barnet som ikkje vert respektert, ikkje barnet som person.

Det er alltid dei vaksne som har ansvar for relasjonane i barnehagen – *alltid*, utan unntak. Dette inneber til dømes at den vaksne tek ansvar for eigen irritasjon og gjer noko med den, sjølv om det kan vere utfordrande når eit barn stadig forstyrrar og skaper uro. Når den vaksne grip inn skal det vere gjennomtenkt, konsekvent og føreseieleg, slik at det vert tydeleg for barnet kva som er lov eller ikkje. Varm og tydeleg kommunikasjon er vesentleg. Eit barn skal kjenne seg trygg på at den vaksne bryr seg, og hjelper til dersom det trengs. Aksept og toleranse handlar om at vi møter barnet på ein ikkje-dømande måte.



### **Personalet si rolle:**

Det er viktig å understreke kor viktig det er at dei vaksne er gode rollemodellar for barna. Barn vert påverka negativt dersom dei vaksne ikkje oppfører seg bra. Barn ser, høyrer og legg merke til meir enn dei vaksne kan vere klar over. Ein vaksen skal aldri snakke nedsetjande om andre personar i barna sitt nærvær.

Eit barnehagemiljø prega av skjenn og irettesetjing i påsyn av andre, kan verke svært stigmatiserande for den som vert utsett. Like eins det å setje karakteristikkar på eit barn, til dømes som «sjenert». Dette vert lett fanga opp av barna, samtidig som det bygg opp under barnet sitt eige sjølvbilete som «annleis». Karakteristikkar vert sjølvforsterkande, og kan føre til ein praksis som understøttar den lave statusen som barnet har i barnegruppa. Såleis kan dei vaksne sjølve vere ein del av årsaka til at det oppstår negative handlingsmønster, og vere ein medverkande aktør i det som barnet opplever som krenkande. Når utestenging og uheldige samspelsmønster er eit faktum, må barnehagen difor også leite etter årsaker i sin eigen praksis. Det kan vere at praksisen er med på å forsterke utestengingsmekanismer. Personalet skal aldri bortforklare eller bagatellisere ei negativ handling, til dømes ved å vise til veremåten til den som vert utsett for uheldige handlingar («ho er jo så sutrete», «han har godt av å bli litt tøffare» ....etc.).

Det kan vere utfordrande for ein vaksen å vise varme overfor eit barn når ein er grunnleggande irritert fordi barnet stadig uroar. Når dei vaksne fokuserer på barnet sine *manglar* kan det føre til utilsikta konsekvensar. Den vaksne må ha evne til å sjå «bak» åtferda, vite at dette er eit uttrykk for ønsket om å kommunisere, ta ansvar for eigen irritasjon og gjere noko med den. Personalet skal reflektere over eigen veremåte. Samtidig er det menneskeleg at alle kan gjere feil, også vaksne. Ingen dagar er som regel like gode. Difor bør barnehagen utvikle ein hjelpekultur der kollegaer støttar kvarandre i staden for å påpeike alle feila. Relasjonar og samspel mellom dei vaksne har stor betydning for det psykososiale miljøet i barnehagen.

Personalet skal reflektere over eigen kultur på arbeidsplassen:

- Kva vil det seie å krenke?
- Når kan dei vaksne kome opp i situasjonar der dei krenkar?
- Korleis går barnehagen fram ved mistanke om krenkingar?


### **Konflikt/krangling eller krenking?**

Ein må vere klar over at mange barn i barnehagealder i liten grad har utvikla pro-sosiale strategiar (deling av leiker, sjølvregulering, tålmod, samarbeidsevner osv.). Aggressivitet blant barn er ein del av normalutviklinga. Barnehagebarn er difor relativt ofte involvert i negative handlingar sidan dei i stor grad manglar sosiale og emosjonelle reguleringsevner. Det er difor viktig at dei barnehagetilsette har kompetanse nok til å kunne avdekke krenkingar, og skilje dette frå vanleg krangling eller konflikt. Grensene kan vere flytande. Når kjenneteikna viser at handlinga tenderer mot mobbeåtferd, må dei vaksne gripe inn slik at den negative utviklinga ikkje eskalerer. Men aggressivitet kan også vere eit sunt uttrykk for at noko er urettferdig. Barn som blir definert som «berre snille» bør tenne nokre varsellampar hos dei vaksne. Ingen skal berre vere snille. Dei skal protestere og ville noko sjølv, for i det heile tatt å bli seg sjølv. Det er lov å vere sint, men ikkje å slå eller bite. Det er handlingane den vaksne skal ta avstand frå. Difor må den tilsette i barnehagen ha evne til å løfte fram alternative handlingar for det enkelte barn.

«Vanlege» konflikhtar og konfliktløysing må sjåast på som ein viktig og naudsynt del av sosialiseringprosessen. Barnehagen bør difor etablere ein kultur der konflikhtar vert sett på som ein naturleg del av barnehagen sitt liv. Erfaring med konflikhtar bidreg positivt til den sosiale utviklinga. Isolert sett kan altså ein vanleg konflikt mellom likeverdige partar, vere tilsynelatande lik krenking/mobbeåtferd. Det krev god kompetanse å skilje mellom dette, og dei tilsette må prøve å observere og forstå om dette berre dreiar seg om ei umoden negativ handling, eller om det har begynt å bli ein del av eit gjentatt handlingsmønster. Barn som får øving i å løyse problem på ein konstruktiv måte, vil etter kvart lære korleis dette kan gjerast utan å respondere aggressivt. Gjentekne negative handlingar mot andre barn kan berre skje i eit barnehagemiljø som tolererer mobbeåtferd, og som har mislukkast i å lære bort gode sosiale ferdigheiter.



Barna bør også få mulighet til å forsøke å handtere konflikten sjølv. Dersom dei ikkje klarer dette på eiga hand, kan den vaksne bidra som meklar og støttespelar. Men i dei situasjonane der barnet vert utsett for krenkingar skal det *alltid* få hjelp og støtte frå ein vaksen.



### **PLIKT TIL Å OBSERVERE OG FØLGJE MED**

Krenkingar kan ikkje avdekkast med mindre dei vaksne er tett på og sensitive nok til å fange opp signal og uheldige situasjonar. Dei tilsette i barnehagane skal ikkje berre ha evne til observasjon, men også kunnskap om observasjon slik at dei veit kva dei skal sjå etter.

Nærverande vaksne er sjølve kjernen i arbeidet med å avdekke krenkingar og utestenging i barnehagane. Det betyr blant anna at dei vaksne også skal delta i frileiken (deltakande eller observerande), og at dei skal vere tilgjengelege på golvet blant barna på avdelinga. Barn reagerer svært ulikt på krenkingar og mobberelatert åtferd, og det er difor ikkje alltid like lett å oppdage. Nokre blir utagerande og skaper mykje støy. Andre blir passive, trekker seg tilbake, underkastar seg og aksepterer krenkinga stillteande. Enkelte barn er faktisk ikkje klar over at dei vert utsetengt (!), fordi dei enno ikkje har opplevd fordelane med å vere ein del av ei sosial gruppe. Dette er sjølvforsterkande ettersom dei ikkje får utvikle sin leikekompetanse.

*All*e vaksne i barnehagen har plikt til å følgje med, men det er forventa langt meir av ein fast tilsett som kjenner barna, enn av ein vikar som er innom eit par dagar.

Dette inneber at dei tilsette ved barnehagane i Sykkylven skal:

- Ha kunnskap og innsikt i gruppeprosessar/handlingsmønster.
- Ha kompetanse til å kunne identifisere krenkingar gjennom observasjon og kompetente blikk
- Fange opp hendingar og samtalar mellom barna.
- Fange opp endringar i åtferd hos enkeltbarn.
- Samtale med enkeltbarn om kva som kjennest vondt eller vanskeleg i barnehagen.
- Møte barnet på ein ikkje-dømande måte. Det fins ikkje rett og feil svar når vi snakkar om kjensler. Det er alltid barnet si subjektive oppleving som skal leggest til grunn.



- Ta barnet sitt perspektiv, bekrefte opplevinga til barnet utan å bagatellisere, «glatte over» eller gi beskjed om at «dette må du tole». Å bagatellisere det som eit barn opplever vanskeleg kan i seg sjølv vere ei krenking.
- Hjelp barna slik at dei får eit «språk» til å kunne formidle det dei opplever som vondt og vanskeleg. Ikkje alle barn har eit verbalt språk for kjensler.
- Samarbeid med kollegaer (kollektivt ansvar). Ha møtepunkt der enkeltepisodar kan drøftast.
- Ha kunnskap om dei viktigaste risikofaktorane for å bli utsett for krenkingar og utestenging. Fagkunnskap er ein sentral føresetnad for å lukkast.



Alle mistankar om at eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen utløyser aktivitetsplikta. Det er utan betydning om dette skuldast tilhøve utanfor barnehagen (t.d. tilhøve i heimen). Sjølv om dei tilsette eller andre barn ikkje kan lastast for situasjonen, og det er avgrensa moglegheiter til å løyse problem utanfor barnehagen, har dei tilsette likevel ei plikt til å gjere alt i si makt for at barnehagekvardagen skal følast trygg og god for barnet. Barnehagen kan heller ikkje fråskrive seg ansvar for forhold dei burde ha fanga opp ved å vise til at dei ikkje hadde mistanke.

Aktivitetsplikta er samansett av fleire delpliktar som barnehagane i Sykkylven skal følgje:

### **PLIKT TIL Å GRIPE INN**

Plikta til å gripe inn er ikkje det same som plikta til å setje inn tiltak. Dette gjeld umiddelbare inngrep retta mot bestemte situasjonar. Målet er å stanse uønska åtferd med ein gong (nulltoleranse), korrigere og rettleie barnet/barna. Dette kan til dømes gjelde utestenging frå leik, erting, baksnakking eller slåssing. Dersom personalet ikkje grip inn og følgjer opp barna er det stor sjanse for at negative hendingar vert forsterka, at uheldige samspelsmønster oppstår og at handlingar utviklar seg til mobbing. Personalet grip gjerne inn ved utagerande åtferd, men like viktig er det å oppdage og gripe inn på det som skjer i det skjulte.


## PLIKT TIL Å UNDERSØKE

Allereie ved *mistanke* om at eit barn ikkje har eit trygt og god barnehagemiljø trer plikta til å undersøke inn. Og saka skal undersøkast *snarast*. Det same gjeld dersom barnet sjølv eller foreldra gir uttrykk for dette. Barnehagen kan ikkje avvise barnets eller foreldras påstand.

Plikta til å undersøke kan gjelde for enkelthendingar. Men det er særleg viktig å undersøke når det oppstår gjenntatte negative handlingar mot det same barnet, eller det oppstår eit negativt handlingsmønster i ei barnegruppe der det gjerne dreier seg om ubalanse i maktforholdet mellom barna. Det er viktig å understreke at opplevinga av krenking er *subjektiv*, uansett korleis ein definerer omgrepet. Barn har ulike erfaringar og ulike sårbarheiter, og det dei opplever som krenkande kan vere svært forskjellig. Såleis er det barnet som til sjuande og sist har definisjonsmakta, og det er viktig at dei vaksne evnar å ta barna sine subjektive opplevingar på alvor. Departementet understrekar at barnehagen har eit skjerpa ansvar for barn med særskilt sårbarheit. Forsking viser at dei barna som er stille og tilbaketrekte (definert som innagerande åtferd) er særleg utsett. Også barn med innvandrarbakgrunn, eller barn som er «annleis» på ulikt vis, tilhøyrer risikogrupper. Arbeidet med mangfald og gjensidig respekt er difor særst viktig (jf. rammeplanen). Vi veit at det kan få alvorlege følgjer seinare i livet, både for dei som føler seg utestengt/krenka og dei som utfører mobbeåtferd, dersom vaksne ikkje grip tidleg inn.

Styrar er ansvarleg for at barnehagen handterer og følgjer opp bekymringane på ein fullgod måte. Kor langt undersøkingsplikta strekkjer seg, dvs kor grundige undersøkingar barnehagen må gjennomføre i den enkelte sak, er avhengig av den konkrete situasjonen. Barnehagen skal finne ut kva som er årsaka til at eit barn ikkje har det bra. Kva har skjedd der og då? Kva har eventuelt skjedd tidlegare? Ein viktig del av undersøkinga er å snakke med foreldra. Sjølv om dei ikkje har vore til stades i barnehagen kan dei ha viktig informasjon om kva barnet har fortalt heime.

Målet med undersøkinga er å finne årsaker og skaffe nok informasjon til å kunne vurdere om barnehagen må setje inn tiltak, og eventuelt kva slags tiltak ein skal sette inn. Ein skal vere ekstra merksam på tilhøve som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta.



## PLIKT TIL Å VARSLE STYRAR

Dersom ein tilsett får mistanke eller kjennskap til at eit enkeltbarn eller fleire i ei gruppe ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, skal styrar varslast. Det skal vere ein lav terskel for å varsle, og det vert ikkje stilt formkrav til sjølve varslinga. Styrar er ansvarleg for at barnehagen handterer og følgjer opp meldingane på ein ansvarleg måte.

## **PLIKT TIL Å VARSLE BARNEHAGEEIGAR**

I alvorlege tilfelle har styrar ansvar for å varsle vidare til barnehageeigar. For private barnehagar er det styret som skal motta varselet, og for kommunale barnehagar skal kommunalsjef (evt. kommunedirektør) motta varselet. Døme på alvorlege tilfelle er:

- Dersom saka er særleg valdeleg
- Dersom fleire barn er involvert i utestenging eller mobbing av eit barn
- Dersom krenkingane har vart over lang tid, utan at barnehagen har klart å løyse saka

## **PLIKT TIL Å SETJE INN TILTAK**

Terskelen for å setje inn tiltak skal vere lav, og barnehagen treng ikkje å bevise at barnet vert krenka eller ikkje har det bra. Barnehagen skal bruke informasjonen frå undersøkinga til å vurdere om tiltak skal setjast inn eller ikkje. Barnehagen må velje eigna tiltak utifrå faglege vurderingar, og tiltaka skal vere kunnskapsbaserte. Dvs at barnehagen må kunne begrunne sine vurderingar, noko som føreset faglege drøftingar blant personalet.

For barnehagane sin del vil tiltak etter aktivitetsplikta ofte dreie seg om systemretta tiltak. Altså tiltak retta mot ei gruppe barn, der relasjonar og samspelsmønster mellom barn/barn og barn/vaksne er av stor betydning. I særlege tilfelle kan tiltak også rettast mot enkeltbarn etter ei fagleg vurdering. Barnets beste skal vurderast konkret. I nokre tilfelle bør barnehagen involvere andre instansar som kan bidra (t.d. PPT).

## **PLIKT TIL SKRIFTLEG TILTAKSPLAN**

Når tiltak blir sett i verk pliktar barnehagen å lage ein *skriftleg* tiltaksplan. Denne skal syne korleis barnehagen har tenkt å følgje opp barnet/barnegruppa. For å dokumentere arbeidet i enkeltsaker skal tiltaksplanen innehalde minimum følgjande punkt:

- Kva problem skal tiltaka løyse?
- Kva tiltak har barnehagen planlagt å gjennomføre?
- Når skal tiltaka gjennomførast?
- Kven skal gjennomføre tiltaka?
- Når skal tiltaka evaluerast?

I planen kan det vere lurt å ha med ei oppsummering av samtalane med barnet/barna og foreldra. Likeeins ei oppsummering av den føregåande undersøkinga og barnehagen si eiga vurdering av saka. Det vil variere frå sak til sak kor mykje som skal dokumenterast.

Spørsmål:

Har barnehagen rutine på plass for å setje inn tiltak?  
Har barnehagen laga ein mal for innhaldet i skriftleg tiltaksplan?

## SKJERPA AKTIVITETSPLIKT

Tilsette i barnehagane må våge å ha augene opne for at kollegaer kan krenke eit barn. Dersom ein tilsett kjenner til eller får *mistanke* om at oppførselen til ein annan tilsett krenkar eit barn, skal styrar i barnehagen varslast med ein gong. Og styrar *skal* melde frå til barnehageeigar. Dersom mistanken rettar seg mot styrar, skal den tilsette varsle barnehageeigar direkte.

Det å gå til det steg å sende varsel om ein kollega kan sjølv sagt opplevast svært krevjande, men omsynet til barnet må gå foran. Det optimale er at barnehagen har ein openheits- og hjelpekultur der dei vaksne er så trygge på kvarandre at dei kan gi kvarandre fortløpande tilbakemeldingar på det dei opplever som uheldig kollegaoppførsel, utan at dette blir opplevd som personleg kritikk. Alle kan feile. Men dersom det blir eit gjentakande handlingsmønster må det varslast. Døme på dette er kroppslege integritetskrenkingar, latterleggjering, ignorering, baksnakking, sarkasme, ironi, utskjelling, kjefting og ulike former for truslar/straff.

Refleksjonsspørsmål:

I kva situasjonar kan vi tenkje oss at vaksne kan krenke eit barn?

Undersøkingar skal setjast i verk straks. Men barnehagelova heimlar ikkje tiltak retta mot den tilsette. Desse tiltaka vert styrt av arbeidsrettlege reglar i arbeidsmiljølova, som skal ivareta arbeidstakarane sine rettar.

## NÅR ER AKTIVITETSPLIKTA OPPFYLT?

Aktivitetsplikta varer heilt til barnet føler at det er trygt og godt å vere i barnehagen igjen. Dette inneber at barnehagen/dei tilsette må følgje opp dei tiltaka som er sett i verk, og fortløpande vurdere om barnet faktisk får det betre. Dersom det viser seg at iverksette tiltak ikkje er eigna, eller ikkje er tilstrekkeleg til å gi barnet ein trygg og god kvardag, må barnehagen justere tiltaka eller setje i verk nye tiltak. Så lenge barnet opplever å ikkje ha det bra vil dei vaksne i fylgje lowerket alltid ha ei aktivitetsplikt.

Departementet har understreka at det kan vere tilfelle der aktivitetsplikta er oppfylt sjølv om foreldra framleis ikkje er fornøgd med miljøet i barnehagen. Dersom barnehagen etter ei fagleg vurdering konkluderer med at barnet har eit trygt og godt barnehagemiljø, har barnehagen oppfylt aktivitetsplikta. Altså når barnehagen i ei bestemt sak har gjort alt som med rimelighet kan forventast på dei ulike stadia i saka.

## FORELDRESAMARBEID

Barnehagane skal sikre at foreldre får god informasjon om temaet, og synleggjere korleis det vert jobba med å førebygge, oppdage og handtere krenkingar mot barn. Likeeins opplyse foreldra om korleis dei kan gå fram dersom dei opplever at barnet ikkje har det bra i barnehagen. Det er viktig å bygge opp tilliten mellom barnehage og foreldre. Personalet må i praksis vise at dei ser foreldra som ein ressurs, og at deira bidrag er viktig for at barna skal trivast. God tillit mellom foreldre og tilsette gjer det enklare og tryggare å ta opp eventuelle problem. Krenkande handlingar skal ha ein naturleg plass som tema på foreldremøte. Barnehagen må informere om kor avgjerande det er at foreldra tek kontakt omgåande dersom dei er bekymra for sitt barn. Og likeeins at barnehagen skal vere rask til å informere foreldra. «Handlingsplan for trygt og godt barnehagemiljø 2022-2026» skal gjerast kjend for alle foreldre/føresette.

Foreldra er dei viktigaste rollemodellane for barna, og ingen andre har større påverknadskraft overfor eit barn enn dei føresette. Heller ikkje barnehagen. Difor er det heilt avgjerande å fokusere på foreldrerolla i dette arbeidet. Ikkje for å finne årsaker eller fordele skuld, men for å legge til rette for endring. Utan at foreldra vert bevisstgjort om sitt ansvar vil barnehagen aldri makte å løyse dei utfordringane som er knytt til krenkingar og mobberelatert åtferd. Foreldre er rollemodellar når det gjeld måten dei sjølve løyser konflikhtar på, i måten dei behandlar andre på, i måten dei snakkar om andre på, og ikkje minst i sitt samspel med egne og andre sine barn.

Samtidig er det barnehagen sitt ansvar å orientere foreldra om korleis barnehagen jobbar for å løyse desse utfordringane. Foreldra skal kjenne til korleis barnehagen arbeider for å styrke verdiar som vennskap, fellesskap, toleranse og inkludering, slik at dette kan få fokus også heime. Foreldra er ein stor ressurs i arbeidet, og utan god kjennskap til planen vert det vanskeleg for foreldra å følgje opp. Ein må forsøke å bygge opp ei felles forståing om arbeidet for trygt og godt barnehagemiljø, slik at foreldra kan bruke denne kompetansen på heimearenaen, og såleis forsterke førebygginga.

Som profesjonell part er det barnehagen som har hovudansvaret for å legge til rette for eit samarbeid. Den enkelte barnehage kan ikkje velje om dei vil samarbeide med foreldra. Dei skal i fylgje barnehagelova. For å oppnå god dialog og samarbeid er det svært viktig at barnehagen anerkjenner foreldra si oppleving av situasjonen, uansett kva dei måtte uttrykke. Grunnhaldninga skal vere at ingen barn skal gjerast til syndebukkar. Foreldra kan vere i ein sårbar situasjon, og styrar/pedagogiske leiarar bør få opplæring i korleis «den vanskelege samtalen» best kan gjennomførast. Det er barnehagen si plikt å ta seg av dette, men samtidig må ein understreke foreldra sitt ansvar for å følgje opp og støtte opp om arbeidet.



## MOBBEOMBODET

I 2018 vart det oppretta mobbeombod i alle fylker. Dette er eit lågterskeltilbod som det er lett å kome i kontakt med. Mobbeombodet skal først og fremst gir støtte, råd og rettleiing til barn/foreldre i vanskelege situasjonar knytt til utrygt barnehage- og skulemiljø. Men mobbeombodet er også tilgjengeleg for barnehagane, der styrar/tilsette kan ta kontakt og drøfte vanskelege saker (anonymt). Mobbeombodet kan såleis vere ein sparringpartner, nokon «å tenkje høgt med», og gi tips til handtering av enkeltsaker. Mobbeombodet jobbar også førebyggjande og kan bidra med informasjon/innlegg på planleggingsdagar, foreldremøte, personalmøte etc. Mobbeombodet har teieplikt og all hjelp er gratis.

Mobbeombodet poengterer at det synest som om barnehagane har ein for høg terskel før aktivitetsplikta og tiltak vert sett i verk. Dette handlar ikkje berre om mobbing, men også det å ikkje vere ein del av fellesskapet. Plikta til å observere og følgje med er den definitivt viktigaste, og det er denne plikta som utløyser dei andre pliktene.

Dette er noko av kva foreldre fortel til mobbeombodet når dei tek kontakt:

- Dei opplever å ikkje bli lytta til eller tatt på alvor når dei kjem med ei bekymring
- Dei kjenner ikkje lovverket eller barnehagen sine rutinar på kva som skal skje når dei seier ifrå
- Dei vegrar seg for å seie ifrå til barnehagen
- Barnehagane manglar ein skriftleg plan
- Tiltaka er lite konkrete
- Dei er usikre på kva barnehagen gjer
- Dei opplever tillitsbrot når barnet ikkje har fått det betre
- Dei veit ikkje kven dei skal kontakte dersom barnehagen ikkje gjer noko, eller det barnehagen gjer ikkje fører til endring

Det er oftast ved dei to siste punkta at mobbeombodet vert kontakta. Samtidig opplyser mobbeombodet i fylket om kva dei tilsette ser på som utfordrande:

- Tid og ressursar
- Kartlegging av årsak (undersøkelsesplikta)
- Sjå heilskapen
- Finne eigna tiltak, ikkje berre brannsløkking
- Få med alle i personalet
- Møte barn på ein anerkjennande måte
- Foreldresamarbeid (Jf. kompetanse i det å gjennomføre vanskelege samtalar. Dette krev trening, og barnehagen skal vere den profesjonelle part)

Mobbeombodet kan kontaktast via ulike kanalar, men ønskjer helst muntleg kontakt for å unngå at sensitiv informasjon vert sendt via e-post eller sosiale medium.

- Kontor på Molde: Tlf 71 28 04 33
- Mobiltelefon: 911 40 259
- E-post: [mobbeombodet@mrfylke.no](mailto:mobbeombodet@mrfylke.no)
- Facebook/messenger: [facebook.com/mobbeombetmr](https://www.facebook.com/mobbeombetmr)

## KOMPETANSE

Barnehageeigar er ansvarleg for at dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å kunne førebygge, avdekke og handtere ulike former for krenkingar som barna kan bli utsett for. Målet er at absolutt alle barn skal vere inkludert i det sosiale fellesskapet. Kompetansetiltaka skal rettast både mot styrarar, barnehagelærarar, fagarbeidarar og assistentar, samt andre som arbeider med dette fagområdet på kommunenivå. Ikkje minst bør lokal barnehagemyndigheit ha kompetanse i å rettleie og føre tilsyn med psykososialt barnehagemiljø. Udir har utarbeidd ein eigen kompetansepakke om trygt og godt barnehagemiljø som er tilgjengeleg på deira heimeside. Målet med denne pakken er å bygge opp under kollektiv kompetanseutvikling i barnehagen innanfor det gjeldande regelverket. Heile eller delar av kompetansepakken kan nyttast som støtte- og refleksjonsmaterieil under avdelingsmøte, personalmøte, foreldremøte etc. Det fins også andre tilgjengelege ressursar. Dei kommunale barnehagane har m.a. tilgang til ein opplæringspakke om trygt og godt barnehagemiljø gjennom Visma Veilederen. Her ligg ei samling med e-læringskurs, podkast og andre ressursar innanfor temaet aktivitetsplikt.

Gjennom den regionale ordninga ReKomp kan barnehagane velje mellom åtte ulike tema. Eit av desse er temaet «*Barnehagen sitt arbeid med å førebygge, avdekke, stoppe og følgje opp mobbing og utestenging*». Også fleire av dei andre temaa gir rom for å flette inn psykososialt barnehagemiljø som ein del av utviklingsarbeidet. Høgskulen i Volda er fagleg ansvarleg for denne ordninga. I tillegg kjem den nye regionale satsinga på Kompetanseløftet, også her med Høgskulen i Volda som viktig samarbeidspartnar. Målet er å auke kompetansen ute i kommunane innanfor spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Målet er å styrke «laget rundt barnet» og at hjelpa skal kome tettare på. Gjennom ei stor kartlegging (KOSIP) håpar ein å kunne forankre komande tiltak i lokale behov.

*«Personalet skal førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelmønster» (Rammeplanen)*

I sitt arbeid med kompetanseutvikling kan barnehagane også gjere seg nytte av fleire nettsider med tema relatert til trygt og godt barnehagemiljø. Følgjande lenker er tilgjengelege på Sykkylven kommune sine heimesider (under «Barnehage» -- «Nyttige lenker»):

- [jegvet.no](http://jegvet.no) (læringsressurs om vald, overgrep, mobbing og livsmeistring)
- [snakkemedbarn.no](http://snakkemedbarn.no) (opplæring i enkle prinsipp for samtalar med barn og vanskelege tema)
- [barnsbeste.no](http://barnsbeste.no) (nasjonalt kompetansenettverk for barn som pårørande)
- [barnespor.no](http://barnespor.no) (samtaleverktøy når barn er pårørande innan rus og psykisk sjukdom i familien)
- [tf3.no](http://tf3.no) (Trygg før 3 – metode for å heve samspelskvaliteten på småbarnsavdelingar)
- [nullmobbing.no](http://nullmobbing.no) (portal med informasjon til barn, unge og foreldre om mobbing og deira rettar)



Lista er ikkje utfyllande. Mellom anna kan ein søkje opp temaet om trygt og godt barnehagemiljø på heimesidene til FUB (Foreldreutvalet for barnehager). Her finn ein også læringsheftet «Mobbing i barnehagen» på ulike språk.


**Handlingsretteiaren:** Sykkylven kommune har utarbeidd ein lokal handlingsplan som del av satsinga Betre Tverrfagleg Innsats (BTI). På kommunen si heimeside ligg eit nyttig handlingsverktøy dersom ein lurar på kva ein skal gjere i samband med bekymring for eit barn. Verktøyet er tilpassa både barn/ungdom, foreldre og tilsette. Denne finn ein ved å søkje på «*Handlingsretteiaren for Sykkylven*».

Arbeidet mot alle former for krenkande ord/handlingar i barnehagen krev eit kontinuerleg og langsiktig utviklingsarbeid. Dette skal vere eit jamleg tema på drøftingsmøte, avdelingsmøte og personalmøte. Tid til felles refleksjon over eigen og barnehagens praksis er viktig for stadig å kunne auke kvaliteten på arbeidet. Styraren har ansvar for å skape ein organisasjonskultur som er open nok til at personalet kan gi kvarandre konstruktive tilbakemeldingar som grunnlag for utvikling og endring av praksis. Alle tilsette i barnehagen skal lese gjennom denne handlingsplanen, slik at den kan nyttast som eit arbeidsverktøy.

*Det handlar om å ha ei grunnleggande kjensle av å vere elska for den ein er, ikkje for den ein burde ha vore (Ingrid Lund, forskar/spesialpedagog)*

## INTERNKONTROLL

Det er innført krav om at barnehagane skal ha internkontroll for å sikre at dei følgjer lovverk og føreskrifter. Dette inneber at barnehageeigar har ansvar for å få på plass eit internkontrollsystem som også gjeld barnehagen sitt arbeid med trygt og godt barnehagemiljø. Påbodet stiller krav om systematisk arbeid, men tek samtidig omsyn til at den enkelte barnehage skal kunne tilpasse omfanget og innhaldet i internkontrollen til barnehagen sin storleik og eigenart.



## SJEKKLISTE FOR FORHOLDET MELLOM BARN/VAKSNE

(Denne sjekklista kan inngå i årshjulet til bhg som ein del av dei faste prosedyrane to gongar i året)

SPØRSMÅL	JA-alltid	JA-ofte	NEI-sjeldan	NEI-aldri
Er dei vaksne i vår barnehage anerkjennande og støttande i forhold til barn sine initiativ?				
Blir alle barna lagt merke til i like stor grad, uavhengig av åtferd?				
Får nokre barn stadig positiv merksemd frå oss vaksne – meir enn andre barn? (Ta alle barna med i vurderinga)				
Kan ein sjå at det har blitt eit «mønster» i at dei vaksne har lettare for å tru på nokre barn si forklaring på konflikhtar, framfor andre barn i gruppa?				
Er det nokre barn i gruppa som vi vaksne tek meir kontakt med, og finn på fleire aktivitetar med, enn andre barn i gruppa? (Namn, følg opp)				
Er det nokre barn i gruppa som vi vaksne tek lite kontakt med, og sjeldan tek initiativ til aktivitetar med? (Namn, følg opp)				
Har vi vaksne større tålmod med enkelte barn i gruppa enn andre, når det gjeld å følgje dei opp/hjelpe dei? (Namn, følg opp)				
Blir nokre barn raskare avbrotne/avvist av oss vaksne enn andre, når dei tek kontakt med oss? (Namn, følg opp)				
Klarar vi å involvere alle barna i fellesskapet, til dømes i praten rundt bordet ved måltid? (Namn, følg opp)				

(Mal henta frå «De er jo bare barn – om barnehagebarn og mobbing» av Ingrid Lund)

## SJEKKLISTE – PSYKOSOSIALT MILJØ I BARNEHAGEN

(Denne sjekklista kan inngå i årshjulet til bhg som ein del av dei faste prosedyrane to gongar i året)

SPØRSMÅL	JA-alltid	JA-oftast	NEI-sjeldan	NEI-aldri
Er miljøet i vår barnehage prega av gjensidig omsorg, anerkjenning, varme og respekt?				
Er samspelet mellom barna prega av likeverd og veksling av kven som bestemmer og kven som til ei kvar tid får vere med/bli inkludert?				
Er det ein trygg og avslappa tone, prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede?				

(Mal henta frå «*De er jo bare barn – om barnehagebarn og mobbing*» av Ingrid Lund)